

## Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 27.09.2012

### SAKLISTE

- DELEGASJONSSAKER
- SKRIV OG MELDINGAR
- TILSTANDSRAPPORT FOR SKULAR OG BARNEHAGAR 2012
- HELSE FØRDE HF - AVTALAR
- GODKJENNING AV KOMMUNEDELPLAN FOR EIVINDVIK
- OPPDALSØYRA OG KJELBY VASSVERK - SØKNAD OM KOMMUNAL GARANTI
- EIGEDOMSSTRATEGI FOR GULEN KOMMUNE
- KUNSTGRASBANE DALSSØYRA - KOMMUNALT BIDRAG TIL LYSANLEGG
- RAMMER FOR LOKALE FORHANDLINGAR 2012

Stad og tid: Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik kl. 11.00.  
Sakstifanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på internett: [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no)  
Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.

Alle er velkomne.

Hallvard Oppedal  
Ordfører

### Ord frå ordføreren

Kommunen er no godt i gang med å få på plass ny rådmann etter at Martin Kulild slutta. Vi har leigd inn Kommunal Rekruttering til å stå for utlysinga, og så er det Formannskapet pluss leiar i Fagforbundet som er tilsetjingsutval. Vi har fått inn 5 søkjarar til stillinga, og det er vi godt nøgd med. Det er kjekt å sjå at det er attraktivt å søkje stilling i kommunen vår. Det er Kommunal Rekruttering som tek 1. gongs intervju med søkjarane, og så er heile tilsetjingsutvalet med i 2. runde.



Planen er at kommunestyret skal tilsette ny rådmann på møte den 25. oktober. Det vert spennande å sjå kven som får jobben, det er ei viktig stilling, og vi reknar med at vedkomande er på plass like over nyttår.

I mellomtida er det Kari Brekken som er konstituert som rådmann. Vi har òg arbeidd med ei større omorganisering av administrasjonen i kommunen. Dette er ei omlegging som vil røre ved mest alle einingane. Det vert meir orientering om dette i neste utgåve av infoposten. Dette gjer vi for at vi skal kunne yte endå meir teneste til innbygarane våre.

Helsing  
Hallvard Oppedal  
ordfører

### 21. oktober er det TV-aksjon!

Slagordet for årets aksjon er **STÅ OPP MOT URETT**. Pengane frå årets TV-aksjon skal nyttast til å avdekke og stanse brot på menneskerettar. Saman med Amnesty bidreg du til rettferdigheit for menneske som er diskriminert, forfølgd og fengsla.

Lokalkomiteen er leia av ordfører og med eitt medlem frå kvart bygdelag/ungdomslag

Vi vil trenge mange frivillige bøssebærarar, så vi håpar de seier ja til denne nasjonale dugnaden når de vert spurde.

Set av 21. oktober, bli med som bøssebærar og hugs å ta ut kontantar!

Meir opplysningar finn du på [www.tvaksjonen.no](http://www.tvaksjonen.no)



## Plan-nytt



Nærare informasjon finn du på

[www.gulen.kommune.no/planar-og-prosjekt](http://www.gulen.kommune.no/planar-og-prosjekt)

### I dag pågår 23 arealplanar, blant anna følgjande:

Kommunedelplan for Sløvåg – Steine – Skipavik:  
Godkjent i kommunestyremøte 21.06.12.

Kommunedelplan for Eivindvik:  
vert godkjent med mindre endringar i kommunestyremøte 27.09.12.

Kommunedelplan, IKP Fensfjorden:  
Revidert planforslag vert utarbeidd og lagt fram til 2. gongs høyring via Lindås kommune.

Kommunedelplan for trafikktrygging:  
Planarbeidet for planen pågår.

Kommuneplanen for Gulen kommune:  
I formannskapsmøte 13.09.12 vart strategiar og alternativ drøfta på førehand av planoppstart som tema for rullering av samfunnsdelen og seinare arealdelen.

Vassregion Hordaland og Sogn og Fjordane:  
Vesentlege forvaltningsspørsmål for vassområde Nordhordland ligg på høyring, frist 31.12.12

### Reguleringsplanar:

- \* Godkjenning av plan for:
  - Flolid hyttegrend vest, KOM 21.06.12
  - Bustadfelt, gbnr. 95/7 Byrknes, KOM 21.06.12
  - Ferjekai Oppedal, E39, KOM 21.06.12
  - Gåtafelt, Byrknes, HPU 08.06.12
  - Randal hytter, mindre endringar, HPU 08.06.12

- \* På høyring og offentleg gjennomsyn:
  - Vatsvik hytter, gbnr. 83/4,5, endring
  - Tausevågen, gbnr. 95/19+, Byrknesøy

- \* Administrativ vurdering:
  - Kvernevågen, spreidde bygningar, rev. plan

- \* Planarbeid pågår:
  - Åmdalsvik hyttegrend, gbnr. 40/1 Nyborg
  - Skipavika Næringspark, gbnr. 79/4,33
  - Merkedalsvågen, gbnr. 94/1
  - Krekebærtua, gbnr. 94/5, Bremnes

- \* Planoppstart:
  - Randal hytter, reguleringsendring
  - Fivelsdal gbnr. 78/3, hytter

## Skule- og barnehagerute 2012-2013



Hovudutval for oppvekst har fastsett ferie- og fridagar for skulen, samt planleggings-dagar for barnehagane, i skuleåret 2012/2013. Desse dagane er barnehagane stengde!

Vedtaket er slik:

### Grunnskulen

#### August

Første skuledag: Måndag 20. august.

#### Oktober

Hautferie: Måndag 8. til fredag 12. oktober (v. 41).

#### November

Elevfri dag: Måndag 19. november.

#### Desember

Siste skuledag før jul: Fredag 21. desember.

#### Januar

Første skuledag: Torsdag 3. januar.

#### Februar

Vinterferie: Måndag 18. – fredag 22. februar (veke 8).

*Vinterferie for Byrknes barnehage og skule: Måndag 25. - fredag 1. mars (veke 9)*

#### Mars

Siste skuledag før påske: Fredag 22. mars.

#### April

Første skuledag etter påske: Tysdag 2. april.

#### Mai

Elevfri dag: Fredag 10. mai.

#### Juni

Siste skuledag: Fredag 21. juni.

### Planleggingsdagar i barnehagane

- Måndag og tirsdag 08. og 09. oktober 2012
- Måndag 2. januar 2013
- Fredag 10. mai 2013

## Etableringstilskot til bustad

Er du ung og ynskjer å busette deg i kommunen?

Det kan etter søknad gjevast etableringstilskot til bygging av nye bustader i Gulen kommune eller til kjøp og/eller restaurering av eldre bygningar. Fullstendige retningslinjer og framgangsmåte for etableringstilskot finn du på heimesida til kommunen under linken «Etableringstilskot».

## Støttefamilie/besøksheim

Er de den familien som ynskjer å dele av dykkar tid med andre?

Barneverntenesta i Gulen treng fleire støttefamiliar.


Ein støttefamilie er ein familie som kan romme andre barn, og la desse borna vere ein del av familien. Vi treng familiar som er aktive, kreative, og som kan gje omsorg og nærleik. Dei som kunne tenke seg å vere ein ekstraressurs for andre kan ta kontakt med oss. Familiar som blir brukte må legge fram nyare politiattest. De vil få ei godtgjersle for å vere ein støttefamilie, og de vil få rettleiing.

Vil du vite meir, ta kontakt med oss!!

Helsing barnevern v/Jane Hesjedal og Ann Helen Engesæter  
Telefon 57 78 20 60 / 57 78 20 61

## Gulen folkebibliotek

Biblioteket har avdelingar i alle skulekrinsane, med utlån av bøker, lydbøker, dvd og tidsskrift.



Tlf 57 78 42 00 (Hovudbiblioteket)  
E-post: [bibliotek@gulen.kommune.no](mailto:bibliotek@gulen.kommune.no)

Bibliotek	Opningstider	
Hovudbiblioteket	måndag	kl. 10.30 - 15.30
Eivindvik	torsdag	kl. 14.00 - 19.00
Brekke filial		
<b>Ny opningstid frå 04. oktober:</b>	torsdag	kl. 16.00 - 19.00
Byrknes filial:	torsdag	kl. 15.00 - 20.00
Dalsøyra filial:	tysdag	kl. 17.00 - 20.00

## Til alle lag og organisasjonar

Eg ynskjer å nytte høvet til å presentere meg sjølv som kommunen sin nye kulturkonsulent med ansvar for både kultur og idrett. Kommunen har heldigvis valt å auke stillingsprosenten for denne stillinga og eg håpar at dette mellom anna vil føre til nærare kontakt mellom kommunen og dei ulike laga og organisasjonane som held til i Gulen.

For å gjere kommunikasjonen lettare ber eg difor om at alle lag og organisasjonar passsar på at informasjonen som ligg ute om dei på nettsidene til kommunen, er oppdaterte med rett kontaktperson og informasjon, inkludert e-postadresse. Dette kan gjerast ved å sende ein e-post til [postmottak@gulen.kommune.no](mailto:postmottak@gulen.kommune.no).

Eg ser fram til mykje godt samarbeid og ber dykk gjerne ta kontakt om det er noko de lurar på.

Ingvild M. Høydal

## Spelemlidar til idrettsanlegg/ nærmiljøanlegg 2013

Det er tid for å starte arbeidet med søknader om spelemlidar til idretts- og nærmiljøanlegg for 2013. Søknaden skal sendast elektronisk på [www.idrettsanlegg.no](http://www.idrettsanlegg.no) innan **1. oktober 2012**. Her finn ein også informasjon om ordninga og søknadsskjema. Hugs at anlegget må ligge inne i Kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet.

Ver venleg å ta kontakt med kommunen v/kulturkonsulenten dersom anlegget det skal søkast om midlar til ikkje er registrert på [www.idrettsanlegg.no](http://www.idrettsanlegg.no).

Tilskot til kulturbygg for 2013 vil bli lyst ut på nyåret. For meir informasjon sjå [www.sfj.no](http://www.sfj.no) under Kultur og Tilskotsordningar.

## Vi gratulerer

Kommunen vil nytte høve til å gratulere **Lasse Virkesdal**, som med framifrå innsats vann ungdomsløpet på Knarvikmila 2012.

Virkesdal noterte seg med ei bestetid på 7.42 i den 2 km lange grusløypa, der han òg konkurrerte med om lag 1900 andre gutar og jenter frå heile Nordhordland og Bergen.

## Gulen sjukeheim - Fiskekorg

Har du liggande ei gammel fiskekorg/kasse som du kunne tenke deg skulle komme til nytte? Ved dementavdelinga er sansestimulering ein viktig del av kvardagen til våre bebuarar. Det er ein del av behandlinga deira, som går på å ivareta funksjonar dei har, lengst mogeleg. For gamle fiskarar er det ikkje så mykje knytt til fiske og båt som let seg gjere innandørs, men ei korg/kasse med gamal fiskereiskap kan vere med på å hjelpe dei å minnst tida deira til sjøs. I vår kommune har dei fleste ei tilknytning til fiske i større eller mindre grad. Å få sitje og sortere slukar og arbeide med reiskapen oppi ei slik korg kan vekke interesse for mange. Vi vil sjølvsagt ufarleggjere reiskapen.

Har du liggande ei slik korg/kasse og kanskje noko som passar oppi, set vi pris på å høyre frå deg.

Mvh Vivian Våge  
Avdelingssjukepleiar dement Gulen Sjukeheim  
Tlf 57 78 16 30 [vivian.vage@gulen.kommune.no](mailto:vivian.vage@gulen.kommune.no)

## Takk

Dementavdelinga ved Gulen sjukeheim vil med dette få takke for minnegåva etter Erling Øvstedal sin bortgang. Hjarteleg tusen takk.

Venleg helsing personalet ved dementavd.

## Dette skjer i kyrkja

**23 september kl. 11.00**

Gudsteneste med  
konfirmantpresentasjon  
i Brekke kyrkje

**30. september kl. 11.00**

Jubileumsgudsteneste.  
Brekke kyrkje 150 år

**07. oktober kl. 11.00**

Høgmesse i Mjømna kyrkje

**14. oktober kl. 11.00**

Høgmesse i Gulen kyrkje

**21. oktober kl. 16.00**

Gudsteneste v/ Ole Agnar Helland



## Ynskjer å kjøpe brukte sportsvogner

Eivindvik barnehage er interessert i å kjøpe brukte sportsvogner, som ein kan sove i.

Ta gjerne kontakt med Eivindvik barnehage tlf. 57 78 41 87 eller Ann-Norunn på tlf. 948 09 967.

## Haustrydding i Gulen 2012



Henterutene er for dei som bur langt i frå gjenvinningsstasjonane våre.

**Laurdag 6. oktober 2012:**

**Gulen (Byrknes, Brekke, Oppedal, Kringla, Gulen nord for tunnel ved Leversund bru, Leversund-Austgulen)**

**Laurdag 13. oktober 2012:**

**Gulen sør, Masfjorden (Gulen, sør for tunnel v/Leversund bru, Ynnesdal, Masfjorden, unnateke Andvik-Andås)**

Her kan du levere: Metall, trevirke, isolérglas, møblar, hageavfall, elektrisk og elektronisk avfall.

Sortèr avfallet og set det ut **før kl. 07.00** der du vanlegvis set ut dunkane dine. Samle småting i øskjer. Ver snill og fjerna ting som ligg lagra i nærleiken **som ikkje skal hivast**, så slepp me vera i tvil og kasta ting du har bruk for. Kvitevarar må ikkje innehalda boss.

**Dette kan du levere på rydderutene:**

- Metall
- Reint trevirke
- Møblar
- Elektrisk og elektronisk (EE) avfall

**Dette kan du ikkje levere:**

- Farleg avfall (gjenvinningsstasjon)
- Glas- og metallemballasje
- Trykkimpregnert trevirke
- Bilmotorar og bildekk
- Større mengder byggings- og rivingsmateriell (Ikkje større enn 1m3)
- Isolerglas

([www.ngir.no](http://www.ngir.no))